# Meland kommune

Tysseland Arkitektur As
Valkendorfsgaten 9
5012 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 29.01.2018 |
| Vår: 16/844 - 18/1734 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - GBNR 23/567 - Elvaåsen - Igangsettingsløyve for resterande del av utomhusarbeider

**Administrativt vedtak. Saknr: 24/2018**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Boligbygg Vest AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tysseland Arkitektur AS, org. nr. 942 389 000 |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 |

**SAKSUTGREIING:**

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve for resterande grunn- og terrengarbeid for utomhusanlegg i Elvaåsen, gbnr 23/567.

Rammeløyve for utomhusanlegg er gitt i administrativt vedtak 123/2016, datert 18.05.2016.

**VURDERING:**

Eigedomen er i Reguleringsplan for Elvaåsen - planid 12562011003 - avsett til bustadområde. Omsøkt tiltak er i tråd med reguleringsplanen.

Tiltaket blei nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og oppdatert gjennomføringsplan. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.
Ansvarleg søkjar har opplyst at naudsynte støttemurar i feltet vil bli prosjektert og teikna inn på oppdatert situasjonskart og omsøkt samla når innmåling er på plass og dokumentasjonen ligg føre. Administrasjonen tek dette til orientering.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 bokstav k og l, § 21-4 og § 30-4, igangsettingsløyve for grunn- og betongarbeid for opparbeiding av utomhusareal med tilhøyrande anlegg (interne tilkomstvegar, VA-nett, miljøstasjonar og utandørs parkering) på gbnr 23/567 i Meland kommune i samsvar med søknad motteke 17.01.2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonskart og kartvedlegg godkjend i rammeløyve i adm.sak 132/2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av Plan- og bygningslovaog avsluttast med søknad om ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Før det blir gitt ytterlegare IG må tiltakshavar dokumentere at vilkåra i rammeløyve datert 18.05.2016 er stetta.

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket blir opparbeid i tråd med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet om ikkje anna går fram avvedtaket ovanfor. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf pbl § 21-6.

Opplysningane i søknaden om bygning, areal og tiltakshavar blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje blir sett i gong innan tre år etter at dispensasjon og rammeløyve ble gitt, fell både dispensasjon og løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl. § 21-9.»

*****

Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til fylkesmannen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Tore Johan Erstad |
| sektorsjef teknisk | Juridisk rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**
Elvaåsen - Søknad om igangsetting for resterande grunnarbeid
Gjennomfoeringsplan_IG om resterende utomhusarbeider
Søknad om igangsetting resterende grunnarbeider_23-567-Elvaåsen
Signert erklæring om ansvar_Ing.Asbj.Dan